

Arkivsak-dok. 17/03892-8
Saksansvarlig Bjørn Olsen
Saksbehandler Margrethe Mørkved Solli

Saksgang

STATUS I ARBEIDET MED PROSJEKT FRAMTIDIG STUDIESTEDSSTRUKTUR

Forslag til vedtak:

Styret tar status i prosjekt framtidig studiestedsstruktur til orientering.

Samandrag

Saka gjer ei orientering om framdrift i prosjekt framtidig studiestadstruktur.

Sakframstilling

Orientering til styret om arbeidet med studiestadstrukturprosjektet

Styret vedtok i sak 24/18 igangsetting av prosjekt framtidig studiestadstruktur for Nord universitet, med følgjande målsetting; «Å utvikle en studiestadsstruktur som bidrar til å realisere universitetets faglige strategier og ambisjon om å bidra til regional utvikling». Prosjektet er organisert i fem delprosjekt slik det vart presentert i styresaken.

Status i arbeidet

Prosjektorganisasjon

Rektor leier prosjektet. I tillegg til rektor, utgjer prosjektgruppa (PG) prorektor for forskning Reid Hole, prorektor for utdanning Hanne Solheim Hansen, direktør for økonomi og HR Anita Eriksen og direktør for digitalisering og infrastruktur Lasse Finsås.

For å sikra framdrift og koordinering er det etablert eit prosjektsekretariat (PS) av assisterande studiedirektør Margrethe M. Solli (leiar for PS), seniorrådgjevar Stig Fossum, økonomi- og analysesjef Per Arne Skjelvik, kommunikasjonsleiar Tor Dybdal-Holthe, spesialrådgjevar Elin Sommerli og seniorrådgjevar Tor Inge Storvik.

Rektors strategiske leiargruppe er referansegruppe (RG) for prosjektet.

PG skal sikra gjennomføring og framdrift i tråd med styret si bestilling, godkjenne mandat til delprosjekta, utpeike delprosjektleiarar, etablere avtaler med ekstern konsulent og leggja fram saker for styret. RG skal sikra forankring og involvering i fakulteta, og gje råd til prosjektgruppa. PS skal bidra til framdrift og koordinering av aktivitetar i delprosjekta, og har sekretærfunksjon for prosjektet.

Møter i PG og RG har stort sett vore lagt i samband med møter i rektor- og direktørmøtet, og rektors strategiske leiarmøte. PS har møter etter behov i samband med planlegging og oppfølging av saker til PG og RG.

Bruk av eksterne konsulentar

Styret har avsett inntil 2 mill. kr til bruk av eksterne konsulentar i prosjektet. I sak 58/18 behandla styret utlysing av oppdrag til ekstern konsulent til delprosjekt 3 «Analyse av regionale og nasjonale kompetansebehov». Etter mini-konkurranse sommaren 2018, vart PwC vald som leverandør.

Det vart også lyst ut eit anbod om bidrag frå ekstern konsulent til delprosjekt 2, 4 og 5. Den eksterne konsulenten skal bidra med arbeidskapasitet og kvalitet i arbeidet. PwC vart vald her også, ut i frå kvalitet og pris.

Arbeid i delprosjekta

Mandat til delprosjekt 1, 2 og 3 ligg på nord.no

(<https://www.nord.no/no/aktuelt/studiestedsstruktur/Documents/Mandat%20og%20prosess%20delprosjekt%202.pdf>) og intranett.

Delprosjekt 1 (DP1): Datainnsamling og analyse av fagleg og administrativ aktivitet på dei ulike studiestadane

Arbeidet i DP1 vart lagt fram for styret i junimøtet (sak 57/18).

DP1 har utvikla eit sett med indikatorar som dokumenterer utvikling og status for aktivitet på dei ulike studiestadane. Indikatorane omfattar både fagleg og administrativ aktivitet, og synleggjer volum, kvalitet og økonomi knytt til studiestadane. Data er i hovudsak henta frå 2017.

Dette delprosjektet skal bidra inn i DP2, DP4 og DP5. Desse delprosjekta kan også be om fleire data frå DP1 i løpet av prosjektperioden.

Delprosjekt 2 (DP2): Fakulteta si vurdering om styrkar og svakheiter i et strukturperspektiv opp mot Strategi 2020

DP2 er delt inn i to fasar. I fyrste fase skal fakulteta vurdere korleis dei kan tilfredsstillast og ta hand om alle krav set i lover, forskrifter og andre styrande dokument. Her er fagleg styrke, kvalitet og størrelse på fagmiljøa tillagt vekt. Utvikling av studieporteføljen og kor dei ulike studia skal plasserast, må vurderast ut frå strategiske mål og fagleg styrke, samt moglegheiter for å kunne verke saman med fagmiljø lokalisert til andre studiestadar. Her må ein mellom anna vurdere korleis ein kan organisere den faglege aktiviteten for å oppnå måla best mogleg, jamfør Strategi 2020 og handlingsplanar. Fakulteta leverte utkast til innspelsnotat 28. september og endeleg innspelsnotat 8. oktober, som grunnlag for fase to.

I fase to har rektor si strategiske leiargruppe i løpet av to dagsamlingar i oktober, arbeidet med å utvikla forslag til kriterier som skal takast med i den vidare prosessen med å utvikle ny studiestadstruktur. Ekstern konsulent leia prosessen i samlingane og bidreg i utforming av rapport. Rapport frå DP2 skal være ferdig 1. november, og vil bli ein del av vurderingsgrunnlaget for delprosjekt 4 – *Kriterier for framtidig studiestadstruktur*. Innspelsnotata frå fakulteta vil bli med som vedlegg til rapport frå DP2.

DP2 held plan for framdrift.

Delprosjekt 3 (DP3): Analyse av regionale og nasjonale kompetansebehov

I tråd med styresak 57/18: *Utlysing av oppdrag til ekstern konsulent i Prosjekt studiestadstruktur*, er det gjort avtale med ekstern konsulent om å levere ein rapport med «analyse av regionale og nasjonale kompetansebehov». Prosjektgruppa har hatt oppstartsmøte med ekstern konsulent 21. august, og oppfølgingsmøte 19. september. Rapporten skal vere ferdig 15. november, og vil bli ein del av vurderingsgrunnlaget for delprosjekt 4 – *Kriterier for framtidig studiestadstruktur*.

Arbeidet i DP3 er i samsvar med plan for framdrift.

Delprosjekt 4 (DP4): Kriterier for framtidig studiestadstruktur

Med utgangspunkt i det som har kome fram i DP1, DP2 og DP3, vil vi i DP4 sette saman kriterielista som kan nyttast for å vurdere framtidig studiestadstruktur. Her vil det og bli drøfta korleis dei valde kriteria skal vektast i forhold til kvarandre.

DP4 vil bli lagt fram for styret 20. desember. Etter styremøtet er det lagt opp til innspel- og dialogmøter med dei tilsette på dei enkelte studiestadene. Det er også planlagt at RSA Nordland og RSA Trøndelag skal ha dette som sak i møter 22. og 24. januar 2019. Regionråda i Nordland vil bli invitert til eit felles møte i Bodø, og regionråda i Trøndelag vil bli invitert til eit møte på Levanger der kriteriesettet vert lagt fram.

Det er lagt til rette for at tilsette kan senda innspel via e-post til innspill@nord.no, mens eksterne kan senda innspel til postmottak@nord.no merka med «Studiestedsstruktur» i emnefeltet. Frist for å gje innspel til DP4 er satt til 1.februar 2019.

Delprosjekt 5 (DP5): Saksgrunnlag for styret med innstilling frå rektor

Med utgangspunkt i DP4 og innkomne innspel til kriterier, skal det utarbeidast eit saksgrunnlag til styret med rektors innstilling til framtidig studiestadstruktur. Styret ynskjer å ha saka opp to gonger. Prosjektet arbeider ut i frå at det vert 12. mars og 14. mai.


Støtteprosesser til intern og ekstern kommunikasjon

Styret har lagt til grunn at det skal vere god informasjon og involvering i prosjektet. Det er utvikla ein detaljert kommunikasjonsplan for å ivareta dette. Det er også etablert nettsider på intranett og internett som vert oppdatert med relevant informasjon, samt system for mottak av innspel frå tilsette og eksterne.

Prosjektet har vore framlagt for IDF i møter 3. april, 8. mai og 7. juni og 21. august 2018. ID på fakulteta har vore involvert i DP2. Det har og vore eit møte med leiar av studentparlamentet om korleis dei skal verta involvert. Prosjektet har og vore presentert på eit informasjonsmøte på skype for alle tilsette 9. mai.

Proessen og bindingar


I figuren nedanfor vises samanheng og bindingar mellom dei ulike delprosjekta og fasane i prosjektet. Fase 1 går fram til 20. desember 2018. Fase 2 er i perioden 21. desember 2018 til 1. februar 2019. Fase 3 går frå 2. februar 2019 til styret har fatta vedtak våren 2019.



Figur 1 Prosessen og bindingar

Ein samla framdriftsplan for prosjektet er slik:

▲ = styrebehandling



www.nord.no

Figur 2 Framdriftsplan for prosjekt framtidig studiestadstruktur ved Nord universitet